



## MØTEBOK

### Rådsmøte i Hardangerrådet iks

Dato: Torsdag 27.10.2016

Klokka 10.00 – 14.00

Stad: Heradstyresalen Kvam rådhus, Norheimsund

#### Til stades:

Eidfjord kommune: Ordfører Anved Johan Tveit  
Granvin herad: Ordfører Ingebjørg Winjum  
Jondal kommune: Ordfører Jon Larsgard – Rådsordfører  
Kvam herad: Varaordfører Heidi Sandven Botnen  
Odda kommune: Ordfører Roald Aga Haug  
Ullensvang herad: Varaordfører Kåre Grønsnes  
Ulvik herad: Ordfører Hans Petter Thorbjørnsen - Rådsvaraordfører  
Rådmannsforum: Rådmannsforum v/ Geir Underhaug til kl 12.45  
Administrasjonen: Dagleg leiar Jostein Eitrheim

#### Forfall:

Kvam herad: Ordfører Jostein Ljones  
Ullensvang herad: Ordfører Solfrid Borge

#### Agenda:

10.00 – 11.30 Sakshandsaming  
11.30 – 12.30 Lunsj  
12.30 – 14.00 Sakshandsaming

**Det var ingen merknader til innkalling eller sakliste som så vart godkjent.**

**Desse vart valde til å skriva under møteboka saman med rådsordfører:**

Anved Johan Tveit og Roald Aga Haug

**Saker til handsaming i Regionrådet:**

Alle vedtak er samrøystes om ikkje anna er nemnt.

**Saker til handsaming:**

**HR-sak 46/16 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 52/16**

Møte med LVK – Solstrand  
Uttale vedr. ferjetilbodet Utne – Kvanndal  
Uttale vedr. regionreforma  
Nærpolitireforma.

**HR-sak 47/16 Meldingar**

Ingen meldingar framlagde.

**HR-sak 48/16 Søknad om lanseringsstøtte til filmprosjektet: Kampen om fjordane.**

**Vedtak:**

Hardangerrådet IKS støttar kinolanseringa av filmen «Kampen om fjordane» med kr 50.000,- Beløpet vert dekkja gjennom Kraftlinjemidlane.

**HR-sak****49/16 Støtteuttale frå Hardangerrådet til Genbank  
Hardangerfjorden.  
Jfr. Utkast til Statsbudsjett 2017.****Vedtak:**

Hardangerrådet gjev slik uttale til Energi- og miljøkomiteen, Stortinget:

Hardangerrådet iks er regionråd for dei 7 kommunane/herada i Hardanger; Eidfjord, Granvin, Jondal, Kvam, Odda, Ullensvang og Ulvik. Hardanger har både byprega område og spreidd bygde område og vi arbeider for å oppretthalda folketal, arbeidsplassar og eit attraktiv utvikling av regionen i ei tid med aukande sentralisering.

Naturen er ein særst viktig faktor for vekst og utvikling av regionen og dei naturlege bestandane av villaks og sjøaure i Hardangerfjorden må ivaretakast. Turismen i Hardanger viser stor auke og arbeidet med å ta vare på villaks- og sjøaurebestandane vil vera særst viktig å fortsetja.

Genbank prosjektet har vist at det lokalt ligg eit stort og breidt engasjement for villaksen og sjøauren. Viljen til å bidra til å få denne unike ressursen tilbake på eit haustbart nivå er stor. Prosjektet involverer på tvers av generasjonar, gir tilfang til deltaking frå alt frå barnehageborn til spreke pensjonistar. Hardangerbygdene har ein nærleik til vassdraga som i mange bygdelag framstår som ei livsnærve gjennom bygdesamfunna.

Når Regjeringa i forslaget til statsbudsjett no gjer framlegg om å avslutte bevaringsarbeidet i Hardangerfjordregionen, vil dette høgst truleg føre til at bestandane av laks og sjøaure går tapt. All forskning og erfaring viser at dei negative påverknadane framleis er minst like sterke som då arbeidet med Genbanken vart vedteke.

Hardangerrådet ber med dette Energi- og miljøkomiteen om å ta løyvinga til etableringa av Genbank Hardangerfjord inn att i budsjett til Klima- og miljødepartementet, slik at dette viktige arbeidet kan halda fram.

**HR-sak****50/16 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i  
Hordaland fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.**

Kvam:

- Kvammapakken 1 og 2 til drøfting
- Kommunereforma
- Vidaregåande skule
- Nærpolitireforma
- Budsjett ( Lean-prosjekt )

Ulvik:

- Hjeltnes Vedtak om produksjonsskule Føresetnad om statleg medfinansiering.
- Nærpolitireforma
- Budsjett
- Sak om ny sjukeheim

Eidfjord

- Rådmannstilsetjing
- Lovendring: Kven kan eiga overføringskablur til utlandet ?
- Arbeider med utnytting av overskotsenergi frå «kabelprosjekt».

#### Granvin

- Budsjett
- Reformert – uttalar.
- Filial av Voss VGS er flytta frå Granvin til Voss. Ledig lokale.
- Flytting av barnehage til skulebygg.
- NVE: Sikringsarbeid i Granvinselva.
- Ny tunnel i Lussand.

#### Ullensvang:

- Budsjett Må sjå på skulestruktur
- Ny brannstasjon på vestsida.
- Store reguleringsaker.
- Idrettshall på Hauso.
- Innbyggjarinitiativ i heradsstyret måndag f.k.
- Uttale om aust-vest samband.

#### Odda:

- Utviding av produksjon på Tizir og Boliden. MRK Kapasitet på overføringsnett.
- Stor brann hos Tizir.
- Kommunereform Møte med Ullensvang og Jondal måndag i denne veka.
- Nærpolitireforma - Påtale, Hardanger Tingrett, våpenkontor
- Helse- og sjukehusplan
- Næringspolitikk – Etablering av Fonna Contracting
- Konkurs ved NLI Odda – Ny oppstart ved Odda Tecnology 15 årsverk.
- Rv 13 Bratlandsdalen
- Reguleringsplan for Smelteverkstomta
- Kulturminneplan
- Knud Knudsen-prosjekt
- Skatteendringar.
- Flomsikring Opovassdraget.
- Trolltunga – Turisthytte ( Floren eller Reinaskor )

#### Jondal:

- Kommunereforma
- Samtalar om kommunereforma på rådmann og ordførarnivå. Avklaringar kring intensjonsavtalar
- Ferjetilbodet Jondal – Tørvikbygd
- Nytt servicebygg i sentrum i samband med ferjekaien
- Konesjonssaker på nett – Naudsynt for ny kraftutbygging.
- Budsjett
- Omsorgsbustader

#### HR-sak

#### **51/16 Strategi for vidare arbeid med flytting av statlege arbeidsplassar til Hardanger. Drøfting**

- Fokus på nye etableringar av statlege oppgåver.
- Viktig med tett dialog mellom vertskommune og Hardangerrådet
- Ekstern finansiering av prosjektstilling ?
- Til neste møte leggja oversikt over kva som finst av mogeleg finansiering eks. HFK-midlar.

#### Vedtak:

Administrasjonen får i oppdrag til neste møte å leggja fram oversikt over kva som finst av moglege finansiering av prosjektstilling «Nye offentlege arbeidsplassar til Hardanger».

**HR-sak 52/16 Orienterings- og drøftingssaker**

Møte med LVK – Solstrand

- Anved Johan Tveit ber om tilbakemelding om deltaking på dette møtet.

Uttale vedr. ferjetilbodet Utne – Kvanndal

- Store problem med kapasitet på dette sambandet. Ferja MS Utne er i utgangspunktet ofr liten, og med stenging i Deildo har problemet vorte forsterka med aukande tal på attståande bilar. Situasjonen er uholdbar og Ullensvang herad ber om at Hardangerrådet sender ein uttale som påpeikar problema og den manglande evna til å finna løysingar. Den beste løysinga vil vera å skifta ut MS Utne med ei større ferje.

**Vedtak:**

Hardangerrådet saman med Ullensvang herad utformar uttale i denne saka.

Uttale vedr. regionreforma

- Kommunane sender uttale enkeltvis.

Nærpolitireforma.

- Høyringsbrevet frå politimeisteren vart diskutert. Kommunane/herada vil drøfta dette i eige kommune- heradsstyre før uttale vert utforma.
- Kommunane/herada bør informera kvarandre om kva uttale ein vil senda i saka.

**Vedtak:**

Kommunane/herada oversender sin uttale til Hardangerrådet som vidaresender til alle kommunane

Tema: Endring i bompengeselskap – organisering

- Hardangerrådet inviterer arbeidande styreleiar Paul M Nilsen i det regionale bompengeselskapet SørVest til neste Regionrådsmøte.

**Møteboka godkjent 27.10.2016.**

Jon Larsgard  
Rådsordførar

Anved Johan Tveit  
Rådsmedlem

Roald Aga Haug  
Rådsmedlem